

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 25.10.2018 kl. 10:00-16:00

Sted: Bergen

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Gunnar Birkeland, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Cecilie Engen Fredheim, Thomas Mårstøl Reite, Luna Karoline Lester Turøy

**Møtende
varamedlemmer:** Magne Ingolv Espeland for Christine Øye

Forfall: Christine Øye

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART

Vedtakssaker

78/18	17/00097-96	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
79/18	18/01072-5	Orientering om regnskap 2. tertial, KD-rapportering (eksternregnskapet)
80/18	17/10061-27	Internrapport inkl revidert budsjett og status tiltak årsplan 2018
81/18	18/08390-1	Styringsmodell økonomi HVL - rekneskapsmodell
82/18	18/08403-1	Budsjett 2020 - innspill til Kunnskapsdepartementet
83/18	17/10888-4	Orientering om forslag til statsbudsjett 2019 Prop. 1 S
84/18	17/03120-15	Internrevisjonsrapport utført våren 2018 om overtid ved HVL, samt revisjonstema for høstens internrevisjon
85/18	18/08389-1	Internasjonaliseringsmelding for HVL

86/18	18/02944-18	Godkjenning av endringer i eksisterende studium: Faglærerutdanning i musikk
87/18	18/02944-22	Søknad om endring av navn på studieprogrammet community music til Bachelor i musikk: Community Music
88/18	18/02944-15	Godkjenning av søknad om etablering av nytt studium - Bachelor i Maritime Managament ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap
Orienteringssaker		
O-8/18	17/00146-40	Orienteringar frå rektor, styremøte 08/18
Eventuelt		
E-8/18-1		Senterstruktur
E-8/18-2		Administrativ organisering - status
E-8/18-3		Møtestart Styremøte 09/18

Bergen, 25.10.2018

Arvid Hallén

78/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	78/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 08/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 07/18.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og informerte om at styret i forkant av styremøtet hadde møtt Elisabeth Maråk Støle, administrerende direktør for det nye forskningsinstituttet NORCE som er etablert gjennom fusjonering av forskningsinstitutta Agderforskning AS, Christian Michelsen Research AS, International Research Institute of Stavanger AS, Teknova AS og Uni Research AS og NORUT.

Styret hadde ikkje innvendingar til sakslista, men etterspurde nokre saker som hadde blitt flytta til seinare møte. Det vart i løpet av møtet meldt tre saker til eventuelt.

Styret hadde eit innspel til justering av protokoll frå sak 73/18.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 08/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 07/18.

79/18 Orientering om regnskap 2. tertial, KD-rapportering (eksternregnskapet)

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	79/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering

Møtebehandling

Rektor innleia. Helge Skugstad, direktør for økonomi- og arealforvaltning, presenterte saka. Brev frå Kunnskapsdepartementet der HVL vert oppmoda om å nytte større del av avsetningane, vart delt ut i møtet.

Styret diskuterte saka og var nøgd med at det er god styring med økonomien. Problemstillinga kring størrelsen på avsetningane vart særskilt drøfta og styret understreka at det er viktig å kome ned på eit avsetningsnivå under 10%. Dette må balanserast mot behovet for å ha nok avsetningar til å dekke dei auka utgiftene ein veit kjem i åra framover. Det kom innspel på at ein bør sikte etter å ha gode, skalerbare analysar av framtidige utgifter og inntekter som gjer at HVL kan tilpassa seg eventuelle endringar i løyvningsnivået.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering med dei kommentarane som kom fram i møtet.

80/18 Internrapport inkl revidert budsjett og status tiltak årsplan 2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	80/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar internrapport per 2. tertial til orientering
2. Styret tar informasjon om revidert budsjett per 2. tertial til orientering
3. Styret tar status på tiltak i årsplan 2018 til orientering

Møtebehandling

Rektor innleia og Helge Skugstadpresenterte saka.

Styret hadde ikkje innspel til framlagt rekneskap og budsjett, men kommenterte at ein ser fram mot meir detaljert analyse av status på tiltaka i årsplanen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar internrapport per 2. tertial til orientering
2. Styret tar informasjon om revidert budsjett per 2. tertial til orientering
3. Styret tar status på tiltak i årsplan 2018 til orientering

81/18 Styringsmodell økonomi HVL - rekneskapsmodell

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	81/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtek rekneskapsmodell slik den ligg føre i saksframlegget og vedlagte retningslinjer.
2. Styret gir rektor fullmakt til å godkjenne samla BOA-reglement for HVL.
3. Styret vedtek at implementering av regnskapsmodellen blir gjort i samsvar med saksframlegget.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Helge Skugstad presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Det er ein føremålstenleg rekneskapsmodell som gir tydeleg ansvar og incentiv. Det vart understreka at autonomien til fakulteta må balanserast opp mot heilskapsperspektivet og det ansvaret rektor har, på vegne av styret, for å implementere HVL sin overordna strategi. Fakulteta er ein del av ein samla høgskule, og både styret, leiinga og fakulteta må ha merksemd på samvirke. Styret oppmoda om at ein i samband med allokering av strategiske midlar syter for at det finst incentiv for samarbeid på tvers av fagmiljø, fakultet og fellesadministrasjon.

Styret ønsker å få orientering om korleis budsjettfordelingsmodellen vert teken i bruk på fakultetsnivå ved seinare høve.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtek rekneskapsmodell slik den ligg føre i saksframlegget og vedlagte retningslinjer.
2. Styret gir rektor fullmakt til å godkjenne samla BOA-reglement for HVL.
3. Styret vedtek at implementering av regnskapsmodellen blir gjort i samsvar med saksframlegget.

82/18 Budsjett 2020 - innspill til Kunnskapsdepartementet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	82/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret ber rektor ferdigstille brev til KD med utgangspunkt i tiltak/områder gjort greie for i saksframlegget.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Ønskeleg at ein kan være meir ambisiøs og strategisk i innspelet:

- En bør forsøke å presentere ei samanhengande løysing som er grunngjeve godt og svarar på problemstillingar på det politiske nivået og samstundes dekker særskilte behov som HVL har. Ein kan til dømes vektlegge styrking av samarbeid med praksisfeltet, satsingar på havrom og/eller behov for rekrutteringsstillingar for å nå ambisjonen om å bli universitet.
- Innspelet bør følgjast opp i etterkant, til dømes med eit utdjupande notat om dei områda ein løftar fram særskilt i innspelet.
- Greitt å spele inn ei prioriteringsliste som inkluderer kopling til strategisk viktige områder, men bør ikkje ha hovudfokuset på å be om midlar til ting som fell inn i dei ordinære budsjettområda.
- Finansieringskategoriar: vi bør peike på det vi ser som openbare feilkategoriseringar, men ta den store debatten i andre fora, til dømes i UHR-utval.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret ber rektor ferdigstille brev til Kunnskapsdepartementet med utgangspunkt i tiltak/områder gjort greie for i saksframlegget og ut frå styrets diskusjon.

83/18 Orientering om forslag til statsbudsjett 2019 Prop. 1 S

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	83/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret kommenterte saka og det vart ytra uro for at kutt i SAKS-midlar kan ha negativ effekt på HVL sitt økonomiske handlingsrom, ikkje minst fordi dei geografiske realitetane og reisebehovet som fylgjer av det kjem til å merkast økonomisk også i åra som kjem, mellom anna med tanke på dei store faglege samkøyringsprosessane ein skal gjennomføre.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

84/18 Internrevisjonsrapport utført våren 2018 om overtid ved HVL, samt revisjonstema for høstens internrevisjon

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	84/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar revisjonsrapporten og informasjon om haustens revisjon til orientering.

Møtebehandling

Rektor innleia. Kristine Tangen, rådgjevar ved avdeling for økonomi, presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Positivt at ein får belyst omfanget på overtidsbruk i organisasjonen slik at ein kan sette inn tiltak. Styreleiar oppmoda styrets medlemmer om å melde inn dersom dei har forslag til tema som bør bli vurdert som framtidige revisjonsområde.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar revisjonsrapporten og informasjon om haustens revisjon til orientering.

85/18 Internasjonaliseringsmelding for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	85/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor forskning, presenterte saka. Elin Kvaale, nestleiar i avdeling for forskning og internasjonalisering, var tilstade i møtet og svara på spørsmål.

Styret trakk fram følgjande moment i sin diskusjon av saka:

- Det vart diskutert om målet om 50% utreisande på bachelornivå er eit føremålstenleg måltal.
- Studentutveksling bør koplust til etablerte forskingssamarbeid i større grad.
- Europeiske nettverk ein viktig faktor for å posisjonere seg i Europa. Bør vurdere å satse tyngre på avtalar i Norden og Europa framfor å forsøke å femne over alt på ein gong. Gode støtteordningar som bør utnyttast betre.
- Målsettinga og grunngjevinga for utveksling må vere at ein kan oppnå eit godt fagleg utbytte.
- En bør legge til rette for fleire tospråklege program.
- Marknadsføring av program – vise fram Vestlandsperspektivet og det som er unikt for HVL.
- Viktig at HVL er synleg digitalt og dei engelske nettsidene har forbettringspotensial.
- I neste års internasjonaliseringsmelding ønskeleg med utdjuping av eksisterande forskingsrelasjonar og korleis ein kan nytte det regionale næringslivets relasjonar betre inn i våre utvekslingsprogram.
- Oversyn over status på internasjonalisering ved dei ulike campusa vart etterspurt.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

**86/18 Godkjenning av endringer i eksisterende studium:
Faglærerutdanning i musikk**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	86/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner dei endringar som er føreslegne i studieprogrammet Faglærerutdanning i musikk, i tråd med krav gitt i lov om universitet og høyskoler med tilhøyrande forskrifter.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, presenterte saka.

Styret hadde ikkje innvendingar til saka.

Det vart kommentert at ein i saker kor ein ønsker å flytte studieplassar og slå saman program på tvers av campus må greie ut konsekvensane grundig slik at ein ikkje utilsikta ender opp med å svekke dei mindre studiestadene når målsettinga er å styrke dei.

Styret ber om at liknande saker vert lagt fram for styret, men styret treng ikkje alt grunnlagsmateriale.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner dei endringar som er føreslegne i studieprogrammet Faglærerutdanning i musikk, i tråd med krav gitt i lov om universitet og høyskoler med tilhøyrande forskrifter.

87/18 Søknad om endring av navn på studieprogrammet community music til Bachelor i musikk: Community Music

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	87/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret godkjenner endring av navn på studieprogrammet *Community Music* til *Bachelor i musikk: Community Music*.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner endring av navn på studieprogrammet *Community Music* til *Bachelor i musikk: Community Music*.

88/18 Godkjenning av søknad om etablering av nytt studium - Bachelor i Maritime Management ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	25.10.2018	88/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner etablering av studieprogrammet Bachelor i Maritime Management ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap.
2. Styret gir sin tilslutning til at det arbeides videre med å få etablert studieprogrammet Bachelor i Maritime Management som en fellesgrad mellom HVL, NTNU, UiT og USN.
3. Med grunnlag i fakultetets redegjørelse til styret i denne saken, finner styret å kunne godkjenne etablering av fellesgrad når det foreligger en gjensidig forpliktende avtale om fellesgrad mellom de samarbeidende institusjoner i henhold til forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 4-2 (1). Styret gir rektor fullmakt til å etablere fellesgraden Bachelor i maritime management under forutsetning av at slik avtale foreligger.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Bjørg Kristin Selvik, prorektor utdanning, presenterte saka.

Styret diskuterte saka kort og var positive til at ein med dette legg til rette for tettare kopling mellom fagskole og høgare utdanning. Det vart understreka at ein må syte for at rettane til dei studentane som får plass på studiet vert godt ivaretekne i studieplanen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner etablering av studieprogrammet Bachelor i Maritime Management ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap.
2. Styret gir sin tilslutning til at det arbeides videre med å få etablert studieprogrammet Bachelor i Maritime Management som en fellesgrad mellom HVL, NTNU, UiT og USN.
3. Med grunnlag i fakultetets redegjørelse til styret i denne saken, finner styret å kunne godkjenne etablering av fellesgrad når det foreligger en gjensidig forpliktende avtale om fellesgrad mellom de samarbeidende institusjoner i henhold til forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 4-2 (1). Styret gir rektor fullmakt til å etablere fellesgraden Bachelor i maritime management under forutsetning av at slik avtale foreligger.

Saknr	Arkivsak	Tittel
O-8/18	17/00146-40	Orienteringar frå rektor, styremøte 08/18

O-8/18-1 Referat frå IDF-møte

Referat frå IDF-møte vart sendt ut dagen før møtet og relevante punkt adressert i samband med aktuelle saker.

O-8/18-2 Årshjul for styresake

Det vart stilt spørsmål til kvifor saker i årshjulet vert utsett. Rektor opplyste om at det ikkje er ønskeleg, men i nokre tilfelle vanskeleg å unngå, fordi det avhenger av kor lang tid prosessar tek å gjennomføre.

O-8/18-3 Langtidsplan for forskning og utdanning

Styreleiar innleia. Rektor orienterte om at styret vil få sak om korleis HVL sine mål og prioriteringar heng saman med langtidsplanen for forskning og utdanning.

O-8/18-4 Kompetanseforum Hordaland

Liv Reidun Grimstvedt, prorektor samhandling, orienterte om kompetansforum Hordaland og endringa til kompetanseforum Vestland som kjem som følgje av regionsreforma.

Styret positive til at HVL deltek her.

Eventuelt

E-8/18-1 Senterstruktur

Rektor orienterte. Det er i gang prosessar i fakulteta for å vurdere senter opp mot kriteria styret vedtok i sak 29/18. Desse vurderingane tek tid. Styret vil få orientering om korleis fakulteta ser for seg senterstrukturen på nyåret.

E-8/18-2 Administrativ organisering - status

Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, orienterte om status på innplassering av administrativt tilsette.

Styret diskuterte saka. Positivt at ein jobbar grundig og skikkelig med dette slik at alt går rett føre seg med tanke på reglar og at rettane til dei tilsette vert ivaretekne. Styret understreka at det er svært viktig å få dette i hamn så snart som mogleg, i alle fall før utgangen av året, både med omsyn til dei tilsette det gjeld, men og fordi det vil gi organisasjonen moglegheit til å rette blikket framover.

E-8/18-3 Møtestart Styremøte 09/18

Styret samd i at rammene for neste styremøtet vert justert slik:
Onsdag 28.11.18: kl. 14:00 – 18:00, torsdag 29.11.18: kl. 09:00 - 14:00.
